



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Kaisa Tonheim Banne /
55516273

Vår referanse:
18/187731-52

Dykkar referanse:

Vår dato:
02.05.2019

Innføring av takst for nullutsleppskøyretøy – Førdepakken

Det vert vist til stortingsbehandling av Prop. 87 S (2017–2018)/Innst. 380 S (2017–2018) der Stortinget har bestemt at fritaksordninga for nullutsleppskøyretøy i bompengeneinkrevjinga fell vekk. Det er dermed mogeleg å innføre bompengetakst på mellom 0 og 50 pst. av ordinær takst etter brikkerabatt for nullutsleppskøyretøy. I tråd med bompengepolitikken generelt føreset dette lokalpolitiske vedtak. Med nullutsleppskøyretøy meinast elektroniske bilar og hydrogenbilar.

Statens vegvesen har informert bomselskapet Ferde AS om endringa. Sjå vedlegg. Ferde har søkt om å få innføre takst for nullutsleppskøyretøy i alle bompengeprojekt der det vert gitt lokalpolitisk tilslutnad. Statens vegvesen skal sørge for lokalpolitisk vedtak før Vegdirektoratet kan fatte nytt takstvedtak.

I planlegginga av nye bompengeprojekt vert det i utgangspunktet lagt til grunn ein takst for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 på 50 pst. av takst etter brikkerabatt og i takstgruppe 2 på 0 pst., dersom det ikkje vert fatta lokalpolitiske vedtak om noko anna innanfor gjeldande rammer. Det same vil gjelde for eksisterande prosjekt.

I *Prop. 137 S (2014–2015) Utbygging og finansiering av Førdepakken i Sogn og Fjordane* var gjennomsnittlege inntekt per passering føresett å vere 18,70 2015-kr. Førdepakken får statlege tilskot gjennom tilskotsordninga for reduserte bompengetakstar utanfor byområdene. Dette krev at gjennomsnittstaksten må vere minst 10 pst. under det som er lagt til grunn. Gjennomsnittleg inntekt per passering i Førdepakken var i 2018 berre 14,8 kr. Sjølv om trafikken er noko høgare enn venta, er inntektene i Førdepakken lågare enn føresett. Sjølv med tilskotsordninga må ein gjere tiltak for å auke inntektene i Førdepakken. Nær 5 pst. av trafikken i Førdepakken kjem under fritaksordninga for nullutsleppskøyretøy.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Innføring av takst for nullutsleppskøyretøy vil betre den økonomiske situasjonen noko. Dersom trafikken ikkje endrar seg vesentleg i åra som kjem, kan innføringa av takst for nullutsleppskøyretøy vere tilstrekkeleg til å sikre at bompengbidraget til bygging av vegprosjekt i Førdepakken kan verte om lag som berekna.

Styringsgruppa for Førdepakken gjorde følgjande vedtak 26.06.2018 (sak 15/2018):

El-bilar og fritak

Bruken av el-bilar aukar og påverkar inntektene. Styringsgruppa meiner at det er naturleg at prosessen om innføring av bompengetakst for el-bil vert starta ved at Førde kommune tek initiativ overfor Statens vegvesen.

Førde bystyre fatta 27.09.2018 følgjande vedtak i sak 057/18:

- 1. Førde bystyre tilrår Statens vegvesen å innføre betaling for nullutsleppskøyretøy ved bompasseringar i Førdepakken. Satsen for køyretøy i takstgruppe 1 bør vere 50% av takst etter brikkerabatt.*
- 2. Førde bystyre ber Statens vegvesen og Ferde AS starte prosess for lokalpolitisk handsaming med sikte på endeleg vedtak så snart som mogeleg.*

Etter vedtaket i Førde bystyre sendte Statens vegvesen saka til alle kommunane som har fatta vedtak om innføring av Førdepakken. Sjå vedlegg. Kommunestyret i Askvoll kommune tok saka til orientering 01.11.2018. Dei andre kommunane sine vedtak følgjer under.

Jølster kommune fatta 11.12.2018 følgjande vedtak i sak 076/18:

Jølster kommune tilrår Statens vegvesen å innføre bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Førdepakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til taksgruppe 2.

Gaular kommune fatta 27.02.2019 følgjande vedtak i sak 004/19:

Gaular kommune tilrår Statens vegvesen å innføre bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Førdepakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til taksgruppe 2.

Naustdal kommune fatta 25.04.2019 følgjande vedtak i sak 19/011:

- 1. Naustdal kommunestyre tilrår Statens vegvesen å innføre betaling for nullutsleppskøyretøy ved bompasseringar i Førdepakken. Satsen for køyretøy i takstgruppe 1 bør vere 50% av takst etter brikkerabatt.*
- 2. Naustdal kommunestyre ber Statens vegvesen og Ferde AS starte prosess for lokalpolitisk handsaming med sikte på endeleg vedtak så snart som mogeleg.*

Flora kommune fatta 25.04.2019 følgjande vedtak i sak 022/19:

- 1. Flora bystyre tilrår Statens vegvesen å innføre betaling for nullutsleppskøyretøy ved bompasseringar i Førdepakken. Satsen for køyretøy i takstgruppe 1 bør vere 50% av takst etter brikkerabatt.*
- 2. Flora bystyre ber Statens vegvesen og Ferde AS starte prosess for lokalpolitisk handsaming med sikte på endeleg vedtak så snart som mogeleg.*
- 3. Flora kommune forutsetter at planlagt nedbetalingstid på 12 år ikke forlenges, og at passeringsavgiften holdes uendret utover tilrådingen i pkt 1. Evt. overskridelse kompenseres ved å justere ned totalprosjektet.*

Dersom Sogn og Fjordane fylkeskommune fattar liknande vedtak, vil Statens vegvesen ved Vegdirektoratet fatte nytt takstvedtak for Førdepakken. Takstvedtaket skal kunngjerast på vanleg måte 4–6 veker før innføringa.

Tilråding

Statens vegvesen tilrår at Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer følgjande vedtak i saka, i tråd med Prop. 87 S (2017–2018):

Det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Førdepakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betale 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betale 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

Med helsing

Tone Margrethe Oppedal
Leiar for Styring og strategistaben Region vest

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.